

Norsk Forfattersentrum:

Innspel til Lesekommisjonen

Norsk Forfattersentrum er glade for regjeringa si ambisiøse satsing på lesing og for at Lesekommisjonen samlar inn innspel. Å byggje lesekultur er eit samarbeidsprosjekt. Her må det arbeidast på tvers av departement og sektorar, og innsatsen overfor lesarane i alle aldrar må koplast saman.

Bøker og skriving for hand er i skulen delvis erstatta av nettbrett. Men forskning viser at ein lærer betre av å skrive for hand enn på eit tastatur. Vi meiner at elevane må lære å skrive godt på papir. Det er ikkje tilfeldig at mange forfattarar skriv for hand, det ein måte å tenkje på. For barn si hjerneutvikling er det viktig å bruke finmotorikken.

Låg leseevne og konsentrasjonsevne kan føre til eit større klasseskilje i samfunnet. Innverknader frå tek-gigantar og store digitale plattformer er vanskelege å overskode. KI legg nye premissar, aukar tekstvolumet og skapar desinformasjon. Å avdekkje desinformasjon er lettare dess dyktigare lesar og skrivar du er. God leseevne er grunnleggjande for å kunne orientere seg i samfunnet og gjera informerte val. Lese- og skrivevanar arvar ein både frå venner, skulen, miljøet rundt seg og frå familien. Dette blir sjølvforsterkande dynamikkar.

For at alle lesarar skal ha tilgang til bøker som inspirerer og utfordrar, treng vi forfattarar som bruker orda, historiene og kunnskapane som knyter seg til kulturar og landskap i heile landet. Gode lesaropplevingar oppstår ikkje utan forfattarane. Slik sett bør det nasjonale leseløftet sjå til at forfattarøkonomien og sosiale ordningar er best mogleg for forfattarar i heile landet. Dei norske forfattarane kan brukast som ein ressurs i leseløftet. Forfattarane bidreg til forståing, engasjement og levande lokalsamfunn og -demokrati.

Den kulturelle skulesekken

Kva er det me som reiser land og strand i kvar ein krik og krok elskar? Møta med elevane. Responsen frå elevane. Spørsmåla til elevane. Blikket til elevane. Små fjes som uttrykker så mykje meir enn ord kan. Å merke at den eine der i mengda syg til seg orda, musikken og kanskje hugsar det resten av livet. Stemninga idet ein forvandlar ein gymsal om til ei eiga, intim, lita verd, der berre me som er der skjønar og kjenner kva som skjer. At ein kan gi. Gi noko som dei ikkje hadde fått om ikkje akkurat eg kom på besøk. Noko som dei vaksne der heime kanskje ikkje hadde prioritert, tillate eller sett verdien av.

– Heidi Marie Vestrheim i Periskop, om turnere med boka *Jenny Fender*.

Den kulturelle skulesekken er ei stor styrke i det norske samfunnet og ordninga lykkast godt i å inkludere alle elevane i kunstnariske opplevingar. Besøk av litterære produksjonar, forfattarar og skrivekurs har ein annan funksjon enn norskundervisinga. Det kan for eksempel vera heilt andre barn enn dei «skuleflinke» som plutselig blomstrar opp i møte med ein forfattar. Å bli sett av ein forfattar kan bety noko for sjølvtiliten og kreativiteten til eleven.

Nokre fylke har eit omfattande litteraturtilbod, andre for lite. For at forfattarbesøket skal bli så vellykka som mogleg, trengst det god kommunikasjon mellom utøveren og skulen. Når lærarane er engasjert til stades i klasserommet under besøket, er det lettare for elevane å ta inn over seg kva dei opplever. I etterkant av forfattarbesøk vil skulebiblioteket ofte merke eit auka bokutlån.

Tiltak:

- Styrke litteraturformidlinga i DKS.
- Profesjonalisere forfattarar og utøvarar.
- Arbeide med førebuinga og gjennomføringa i samarbeid med skulane og skulebiblioteka, slik at besøket blir best mogleg.

Lesinga skjer i heile landet

For å nå flest mogleg ulike lesarar treng vi trygge miljø og møteplassar, gode skrivekurs og arrangement i heile landet, både for barn og vaksne. Mange bygder har ikkje lenger nokon bokhandel. Her blir biblioteka og andre offentlege institusjonar ekstra viktige. Sommarles er eksempel på eit vellykka tiltak. Det bør arbeidast med heile familien, å sjå tiltak for barn, unge og vaksne i lag. Norsk Forfattersentrum trur på kombinasjonen av haldningsskapande arbeid og å gjera litteraturen lett tilgjengeleg for både barn og vaksne.

Tiltak:

- Styrke skriveopplæringa i skulen.
- Gode lærebøker på elevane sitt språk.
- Styrke folkebiblioteka og skulebiblioteka og samarbeidet med barnehage/skule.
- Fleire arrangement i distrikta både for vaksne og barn.
- Lågterskel lese- og skrivekurs og verkstader, skapa sosiale fellesskap.
- Kulturskular kan tilby skrivekurs eller andre litterære tilbod.
- Utvikle informasjonskampanjar med ulike målgrupper og med ulik utforming/estetikk.
- Arbeide for eit auka litteraturfokus i aviser og media.
- Oppfordre regjeringa til å bestille ein rapport om norske dialektar, verdiane av dialektane og moglege tiltak for å ivareta dialektane.

Samisk og minoritetsspråkleg litteratur

Formidling av samisk og minoritetsspråkleg litteratur må vera ein sjølvstendig del av eit leseløft. «Både skogfinners, kveners og samers liv og virkelighetsforståelse er preget av natur- og miljøforhold som de har levd i og levd med. Fortellinger om erfaringer en gjør seg, hører derfor oftest hjemme i et lokalmiljø, relatert til lokale landskap og kjente mennesker.» (Sannhet og forsoning). Den oppvekslande generasjonen i heile landet må få kunnskap om språk og kultur knytt til urfolk og nasjonale minoritetar.

For å dyrke fram ei meir mangfaldig litteraturformidling treng urfolks- og minoritetsspråka betre rammer. Fleire bøker må omsetjast og formidlast på tvers av språka. Forfattarar, omsetjarar og litteraturformidlarar må få særleg viktige roller i arbeidet. Litteratur skrivne på samisk har større behov for støtteordningar fordi den har eit mindre marknadspotensial enn norskspråkleg litteratur.

Tiltak:

- Meir aktivitet, formidling og tilbod til samiske og minoritetsspråklege.
- Kulturrådet si innkjøpsordning for samiskspråkleg litteratur må bli permanent.
- Auka formidling av samisk og minoritetsspråkleg litteratur også til andre målgrupper.
- Oppfordre skribentorganisasjonar og nasjonale kunstnarorganisasjonar til å formidle meir informasjon på samisk.
- Utvikle kurstilbod for forfattarar, omsetjarar og litteraturformidlarar.
- Auke talet på utgjevingar av tospråklege bøker, støtte til dømes Stiftelsen LESE sitt parallellspråklege bokprosjekt.
- Norsk Forfattersentrum ynskjer å tilsetja ein konsulent for formidling av samisk litteratur.

Leseløftet må også inkludere dei som ikkje har norsk som førstespråk. June Izabele Adomaityte skriv i masteroppgåva si: «Litteratur kan tjene som eksempel på et kulturområde som minoritetsspråklige har utfordringer med å få adgang til, men den kan lett bli hovedinngangen til det norske samfunnet.» Personar med innvandringsbakgrunn og minoritetserfaringar er underrepresenterte i forfattaryrket. Vi må arbeide for å inkludere fleire med minoritetsbakgrunn i litteraturformidlinga.

Tidleg leseinnsats i barnehagen

Barnehagen bør tildelast meir ansvar for nynorsk, dialektar og språkferdigheiter. I dag framstår det som for tilfeldig korleis barnehagane arbeider med høgtlesing, leseopplevingar og ordforråd, og kva målform som blir brukt. I kommunar med nynorsk som opplæringsmål, må ein forvente at barnehagen bruker nynorsk i skriftleg kommunikasjon, på same måte som skulane skal.

Språksituasjonane i landet er organiske og levande, og ofte komplekse. Barnehagane må ha tilgang til ein mangfaldig litteratur og bøker og høgtlesingsstunder for ungar med andre morsmål enn norsk.

Om ein ynskjer å ta vare på dialektane i landet vårt, må det leggjast til rette for dette. Tilsette i barnehagane i kommunar med nynorsk kan for eksempel lesa bøker på bokmål høgt på dialekt, og bøker på nynorsk på nynorsk. Mange tilsette les intuitivt høgt på dialekta si, men det finst inga fagleg bevisstheit rundt dette.

Tiltak:

- Dagleg lesestund.
- Barnehagane må ha eit godt utval av bøker, og bøker som er tilpassa staden, målføret og barnegruppa.
- Fleire folkebibliotek kan tilby bokposar og minibibliotek til barnehagar (som Tøyveskebiblioteket Les med meg!). Dette gjer det lettare for foreldre og barn å få tilgang til gode bøker tilpassa målgruppa.
- Barnebokpresentasjonar for småbarnsforeldre kan inngå i foreldremøte eller foreldrekafe i barnehagane.
- Utvikle ein rettleiar eller kurs for tilsette i barnehagen, slik at dei kan bli tryggare på eiga høgtlesing og korleis dei kan støtte ungane si lokale dialekt og målform.
- Fleire forfattarmøte og verkstader i barnehagar og på skuler.
- Inkludere barnehagane i DKS-ordninga.
- Betre tilgangen på tilrettelagt litteratur og tilrettelagte litteraturopplevingar.

Skulebibliotek

Her viser vi til innspelet frå Aksjon skulebibliotek, som vi har signert.

Korleis kan lokale styresmakter arbeide strategisk og heilskapleg for å byggje lesekultur?

Det offentlege må integrere arbeid med leseevne og lesekultur i samfunnsplanar på alle nivå. For å leggje til rette for betre leseevne og leselyst, treng vi å auke kunnskapen hjå politikarar og offentlig tilsette.

KS-rapporten *Kulturfeltets plass i samfunnsutviklingen* slår fast: «Kommuner og fylkeskommuner bør integrere kultur i overgripende samfunnsplaner og i ulike typer av sektorplaner. Videre er det viktig at de legger til rette for et aktivt kulturliv lokalt, gjennom stabil og langsiktig finansiering.»

Tiltak:

- Oppfordre det offentlege til å integrere arbeid med leseevne i alle samfunnsplanar.
- Styrke offentleg tilsette sin kunnskap om lesing og leseevne.
- På tilsvarande måte som offentlege tilsegnsbrev stiller krav innan berekraft, mangfald og tilgjengelegheit, kan det stillast krav om at institusjonar legg til rette for auka leseevne.
- Tilskot til innkjøp av fysiske lærebøker, tilskot til innkjøp av bøker i barnehagane og tilskot til skulebibliotek og bøker bør forbli øyremerkte statlege tilskot. Tilskota bør ikkje overførast til kommunane.
- Informere om lesing og litterære tilbod gjennom helsestasjonar, helsevesen og andre offentlege arbeidsplassar.
- Samarbeide om ein aktiv språk- og litteraturpolitikk som tek vare på og utviklar nynorsk og bokmål, dei samiske språka og dei nasjonale minoritetsspråka.

Vi i Norsk Forfattersentrum gler oss til å følgje det vidare arbeidet og å bidra til konkrete tiltak. Lykke til med det viktige arbeidet i Lesekommisjonen!

Vennleg helsing frå

Ingvild C. Herzog

Dagleg leiar

Norsk Forfattersentrum

Tlf.: 980 80 800 / 21 09 57 01